



NYHAUGS MYRTEL

*Feminin,
lett handterleg hoppe*

Prisvurdering:
40 000 kroner

*Svart nordlandshest/ lyngshesthoppe
fødd 2015*

Far: Forbrigds Tyr Mor: Stella Star

Omtale og potensiale

Nyhaugs Myrtel er ei snart tre år gammel svart hoppe. Faren hadde god bruksprøve, fekk 2. premie og vart nr 1 i kvalitet utdet utstillinga på Starum i 2017. Farmor er 1. premiehoppa Bolstadstjerna. Mor er Stella Star (3. premie), med dei gode avlshingstane Silkesvarten og Burmand i stamma. Begge desse har 1. premie for avkom.

Hoppa vart stilt i kvalitet på unghestskue på Voss i fjor, med flotte resultat. Velutvikla hoppe av god type. Pent hovud, jevn sterkbygd kropp. Lange koder og ledige rørsler

Nyhaugs Myrtel er køyrd i høge og låge drag og det er starta innkøyring med vogn. Hesten har veldig fin balanse i alle tempo. Ho tek nye ting veldig fint og har god framdrift. Hesten er positiv på stall og i all handtering. Hoppa er tidleg i utdanningsløpet, og har mellom anna potensiale til å bli ein god sportsponni.

Kjøpar vil få nødvendig rettleiing på kva trening unghesten bør ha framover.

Du finn stamtavle og utstillingsresutat for hesten på www.nhest.no.

Reg.nr.: 578002020153518

Eier: Renate Kvåle, VOSS, Telefon: 95 48 16 99

Oppdrettar: Renate Kvåle, VOSS



Utdanning

Hesten har delteke på eit pilotprosjekt for utvikling av unghestutdanning. Prosjektet vert gjennomført ved Norsk Fjordhestsenter hausten 2017 og vinteren 2018, og er eit samarbeid mellom senteret og raselaga for dei nasjonale hesterasane. Målet er å få fram salsklare unghestar.

Utdanningsperioden vert tilpassa kvar hest og alder, men følgjer eit kvalitetssikra utdanningsprogram som sikrar at ein får vurderte eigenskapane og evnene til hesten. Det vert sett individuelle mål for kvar hest. Dette varierer mellom anne med lynne og alder. Alle hestane skal innom følgjande utdanningsområde: Handtering, unghestløype, miljøtrening, trafikk, sosiale ferdigheiter, hovstell/ veterinær el.l., bittrening, leietrening, mønstringstrening, lasting på og av hengar, line og lause drag, køyring og riding (*køyring og riding berre dersom hesten er klar for det*).

Alle hestane har hatt veterinærsekk og hovstell i løpet av treningsperioden. Treningsdagbok vert gjort tilgjengeleg for interesserte under visningsdagen eller ved førespurnad.

Visning

Nyhaugs Myrtel vert presentert under visningsdag på Norsk Fjordhestsenter søndag 18.3. kl. 12.00. Dersom nokon ønskjer å kjøpe hesten kan de ta kontakt med eigar eller Norsk Fjordhestsenter (Magni Hjertenes Flyum: 934 22 756). Alle bod som kjem inn før visningsdagen må stå til sømdag 18.3.17 kl 15.00.